



Utval: Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Hamaren Fyresdal Næringshage
Dato: 12.03.2019
Tid: 09:00

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 1/19	Referatsaker	
RS 1/19	Orienteringar og meldingar	
RS 2/19	Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Fyresdal kommune- orientering om saker i 2018	
RS 3/19	Invitasjon til vårkonferanse - 10. april 2019 - Bø hotell	
PS 2/19	Årsmelding 2018 - råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	
PS 3/19	Høyring - ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom	

Fyresdal

utvalsleiar

utvalssekretær

PS 1/19 Referatsaker

RS 1/19 Orienteringar og meldingar

RS 2/19 Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Fyresdal kommune-orientering om saker i 2018

RS 3/19 Invitasjon til vårkonferanse - 10. april 2019 - Bø hotell



Saksframlegg

Årsmelding 2018 - råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Utval	Utlvalssak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	2/19	12.03.2019
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg:

- 1 Årsmelding 2018 - Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Bakgrunn for saka:

Jamfør §7 i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal rådet kvart år legge fram ei melding for kommunestyret.

§ 4 Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

Tilsvarande gjeld for eventuelle andre representasjonsordningar, og det har vi i Fyresdal. Meldinga bør innehalde kven som har vore representantar, dei sakene som er handsama, dei råd og føresegner som er gitt og eigne initiativ.

Konklusjon:

Årsmeldinga viser rådets aktivitet i 2018.

Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding 2018 for Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal blir teken til vitande.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar

Årsmelding 2018 –

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal

Innleiing:

I fylje Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne og lov om eldreråd skal alle kommunar ha eit råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre. Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

Budsjett:

Rådet har hatt budsjett på kr 20 000,-

Rekneskap:

Kurs/konferansar, kr 500,-

Rådet har vore samansett slik i 2018:

Medlemer:	Varamedlemer:
Karin Bergland (SAFO), leiar Aud Lukassen (FFO), nestleiar Anne-Mette Momrak (FFO)	Björg Tordis Breivik (SAFO)
Torleiv O. Veum (pensjonistlaget) Berit Gulbrandsen (pensjonistlaget) Olav Torgeir Metveit (pensjonistlaget)	Gunhild Bjaaland (pensjonistlaget) Øyvind Johansen (pensjonistlaget)
Torleiv Hvistendahl (kommunestyre)	Nils Kristian Moe (kommunestyret)

Sekretær: Rådmann Ketil Kiland og avdelingsleiar fellestenester Grethe Lassemo

Møter:

Rådet har i 2018 hatt 5 protokollera møter.

Desse sakene har vore til politisk behandling:

PS 2/18 Årsmelding 2017 - råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

PS 3/18 Samarbeidsavtale mellom Fyresdal kommune og Sør-Øst politidistrikt

PS 4/18 Forlenging av avtale mellom Fyresdal kommune og Telemark Lys AS om drift av frivilligsentral

PS 5/18 Delplan for helse-, sosial og smitteberedskap for Fyresdal kommune

PS 7/18 Felles NAV-kontor i Vest-Telemark

PS 8/18 Kjøp av tomt på Prærien, Prærien 60 36/110

PS 9/18 Digitalisering av kommuneinformasjonen

PS 11/18 Årsmelding 2017 Fyresdal kommune
PS 12/18 "Alarmsentralen Telemark"
PS 14/18 Reglement for bruk av kommunevåpen i Fyresdal kommune
PS 15/18 Endring i politisk struktur og politikargodtgjering- arbeidsgruppa sitt framlegg
PS 16/18 Politisk delegeringsreglement,reglement for kommunestyret, finansreglement og økonomireglement 2019-2023 - arbeidsgruppa sine framlegg
PS 17/18 Nye stilingar innan helse og omsorgsavdelinga/tenesta for funksjonshemma (TTF)
PS 18/18 Søknad om tilskot til folkehelsearbeid - Sporty Førdsal AS
PS 20/18 Vurdering av mogleg legevaktsamarbeid med Seljord kommune
PS 21/18 Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogram 2019-2022
PS 22/18 Økonomiplan 2019 - 2022 og årsbudsjett 2019

Elles er rådet orientert om desse sakene:

RS 2/18 Rapport 2017 Turveger med universell utforming i Telemark og Notat om etterbruk av jernbanespor
RS 3/18 Svar på spørsmål til råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i kommuner
RS 5/18 Årsmelding frå Pasient- og brukarombodet i Telemark
RS 9/18 Post til eldrerådet i kommunen
RS 10/18 Presentasjon - Telemark fylkeskommunale eldreråd - høstkonferansen 2018
RS 11/18 Presentasjon Eldrerådskonferansen i Bø
RS 12/18 Presentasjon TT-ordningen - Telemark fylkeskommunale eldreråd - høstkonferansen 2018
RS 13/18 Telemark fylkeskommunale eldreråd - foilere - konferanse
RS 14/18 Presentasjon - DNT Telemark - Eldrerådskonferansen 2018
RS 15/18 Utkast til møteplan 2019

Andre saker tekne opp i rådet:

Vidareutvikling av sansehagen.
Eigedomsskatt
Gardar
Tannlegekontor
Interkommunal psykolog
Fortetting i Folkestadbyen
Lesevann
G/S veg, utbetring av fotgjengarovergang ved banken
Digitalisering
Ny administrativ organisering
Velferdsteknologi

Kurs/konferansar:

Blå kors – fagdag om pårørende – Aud K Lukassen

Fyresdal 18.02.2019



Saksframlegg

Høyring - ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsetting og for ungdom

Utval	Utvalssak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	3/19	12.03.2019
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Dokument i saka:

- Høyringsbrev – ny forskrift om kommunal og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsettesle og for ungdom, datert 19.12.2018.
- SAFO-notat, Høyringar om forskrift om kommunale råd, datert 29.01.2019.
- www.regjeringen.no/spm.

Vedlegg i saka:

- Høyringsnotat med forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom, kommunal og moderniseringsdepartementet, datert 19.12.2018.
- Råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetting – høyring, k.sak 14/16.

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har 19. desember i fjor sendt over høyringsnotat og høyringsbrev om medverknad, ny budsjett og rekneskapsforskrift og forskrift om kommunal og fylkeskommunal råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom. Høyringsfristen er sett til 1. april 2019.

Bakgrunnen for høyringa er at Stortinget 11. juni i 2018 vedtok ny kommunelov.

Departementet vurderer at det er hensiktsmessig at forskrift om medverking trer i kraft i samband med konstituerande møte i kommunestyret eller fylkestinget etter at kommunestyre- og fylkestingvalet i 2019 er gjennomført.

Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2018 – 2021 der det heiter:
Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.*

Fyresdal kommune har hatt eit samla råd for personar med funksjonsnedsetting og for eldre. Fyresdal kommune har og hatt eit ungdomsråd. Båe råda har gjennom kommunen hatt hjelp til saksførebuing og sekretær under møta.

Det har ikkje vore tema å ikkje ha eit ungdomsråd. Tvert imot har dette vore prioritert frå politisk side med at sekretærfunksjon er stlit til disposisjon.

Det har derimot fram mot val vore meir drøfta om eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne skal vere eit råd eller delast i to.

Dette er naturleg da eit felles råd for desse to gruppene ikkje nødvendigvis heng saman. Eldre treng på ingen måte ha ei funksjonsnedsetting og yngre med funksjonsnedsettingar har gjerne heilt andre utfordringar enn eldre også dei med funksjonsnedsettingar.

Idielt sett burde difor desse to gruppene som eldre er og personar med funksjonsnedsettingar vere delt i to.

I større kommunar vil eg tru at ein da ofte i større grad finn at det også er to råd. I mange mindre kommunar er utfordringa større når det gjeld å skaffe naudsynt representasjon til to råd og ein har for Fyresdal sin del valt å ha eit råd som heiter rådet for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne (REMNF).

REMNF har i dag felles møte og felles sakliste. Av praktiske grunnar og arbeidsmessig er dette ein stor fordel. Ein kunne ha valt å ha to råd og to møter. Dette er kostnadskrevjande og det kan vere vanskeleg å få nok meldemar til to råd.

Departementet foreslår at det fortsatt er høve til å etablere eit felles råd med eldre og personer med nedsett funksjonsevne. Dette følgjer også av eksisterande lov. Imidlertid synes departementet å stramme inn noko, ved å vise til at den klare hovudregelen er separate råd (kan etablerast om det er vanskeleg å få opprette to separate råd), samt at ein føresetnad for at felles råd skal fungere er at organisasjonane finn at felles råd kan sikre at bae gruppene sine interesser blir ivaretatt. Det vises til at Organisasjonane skal bli høyrte, før felles råd opprettast.

Ny kommunelov har i §5-12 om «Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsetting og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom». Lova pålegg kommunen å velge eit råd for personar med funksjonsnedsetting. Annen representasjonsordning er ikke lenger med i lov. Rådet skal vere rådgjevande organ for kommunen eller fylkeskommunen og ha rett til å uttale seg i saker som gjelde personar med funksjonsnedsetting. Ellers seir ikkje §5-12 i lova noko meir om organisering og innhald.

Ny kommunelov § 5-12 lyder:

§ 5-12. Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Flertallet av medlemmene i eldrerådet skal på valgtidspunktet ha fylt 60 år.

Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.

Rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

Departementet gir forskrift om oppgaver, organisering og saksbehandling for rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Det er forskrifta som her er på høyring. Forskrifta skal vere felles for alle tre typer råd, og dette er altså det som skal påleggast kommunane i samband med råda. Det som ikkje står i lov eller forskrift, vil bli opp til kommunen å bestemme. Mykje som i dag er i lovs form, går over til å vere i forskrift.

Kommunane og fylkeskommunane si plikt til å opprette råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting vidareførast. Det nye er at reguleringa flyttast frå særlover til ny kommunelov med forskrift. I § 5-12 er det også lovfesta at kvar kommune og fylkeskommune skal opprette eit ungdomsråd eller eit anna medverkingsorgan for ungdom.

Dermed får ungdom ein lovfesta rett til medverking på linje med eldre og personer med funksjonsnedsetting.

Departementet foreslår at det i tillegg til ei ny felles forskrift for medverkingsorgana også bør lagast ein vegleiar for kvar av dei tre råda.

Departementa har og stramma inn tildegare regelverk om at kommunar og fylkeskommunar skal lage rutiner som sikrar at råda mottak sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at uttaler frå råda har høve til å påverke sakene involvering på eit tidspunkt (§2)

Departementet foreslår at organisasjonane for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom har rett til å fremme forslag om medlemmer til det rådet som representerer deira interesser. I små kommunar kan det vere vanskeleg å sikre at rådsrepresentantane høyrer til ein organisasjon. Forskrifta bør difor ikkje setje som krav at rådsrepresentantane høyrer til ein tilhøyrande organisasjon, men ordlyden til departementet kan innarbeidast i forskrifta.

Fyresdal kommune har hatt deltaking frå kommunesytemedlem i REMNF. Rådsmannen meiner dette er med på å sikre ei forankring i kommunestyret og kommunen bør halde fram med dette som i dag. Dette kan og vere viktig for ungdomsrådet, men det er og viktig at dei har ei heilt fri og uavhengig rolle som kun får hjelp til sekretærarbeid.

Konklusjon:

Fyresdal kommune gir høyring om ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsetting og for ungdom.

Innstilling frå rådmannen:

Høyring:

Fyresdal kommune stør at departementet lagar felles vegleiar for dei tre råda i tillegg til ny forskrift for medverkingsorgana.

Fyresdal kommune stør departementet sitt syn om at kommunar og fylkeskommunar bør ha eit regelverk som sikrar at råda tek i mot aktuelle saker tidleg nok til å kunne påverke sakene.

Fyresdal kommune stør departementet om at organisasjonane for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for unge har rett til å fremme forslag om medlemmer til det rådet som representerer deira interesser.

Fyresdal kommune meiner at det bør innarbeidast i forskrift at kommunestyret eller anna politisk utval skal vere representert i råd for eldre eller personar for med funksjonsnedsetting.

Fyresdal kommune stør departementet sitt syn om at kommunane sjølv fastset talet på meldemmar i råda.

Fyresdal kommune stør departementet om at råda sjølv vel leiar og nestleiar.

Fyresdal kommune stør departementet i at det fortsatt skal vere høve til å ha eit felles råd for eldre og personer med nedsett funksjonsevne og at Organisasjonane skal bli høyrte, før felles råd opprettast.

Fyresdal kommune stør forslaget til SAFO om at kommunane beskriv råda sitt arbeid i si årsmelding og ikkje stiller krav om at råda sjølv skal utarbeide si årsmelding.

Fyresdal kommune meiner at forskrift og vegleiarar for råda må utarbeidast på båe målføra.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann